



## Sal- og marknadsleiar

*Aurland Skofabrikk AS produserer og sel den tradisjonsrike Aurlandskoen. Vi driv også Aurlandskoen Économusée, eit visningssenter for Aurlandskoen som opna sommaren 2009, som det første i sitt slag i Europa. Aurland Skofabrikk ligg sentralt plassert på Aurlandsvangen, kommunesenteret i Aurland kommune (Sogn og Fjordane). Vi har i dag fem tilsette og er eigd av Aurland Ressursutvikling AS (52 %) og Aurland Sparebank (48 %).*

Aurland Skofabrikk er inne i ei spennande utvikling, og for å styrke arbeidet vårt innan sal og marknadsføring skal det no opprettast ei 100 % stilling som sal- og marknadsleiar. Til stillinga vil ligge hovudansvar for verksemda sitt totale arbeid innan sal og marknadsføring, herunder utarbeiding og oppfølging av strategiar på området. I tillegg vil det til stillinga bli lagt ansvar for ein del administrative oppgåver i verksemda. Drift av fabrikkutsalet og visningssenteret Aurlandskoen Économusée vil også bli lagt inn under stillinga. Den som blir tilsett vil inngå i eit utstrakt samarbeid internt i konsernet Aurland Ressursutvikling AS ([www.visitflam.no](http://www.visitflam.no)), og på den måten vere del av eit større nettverk.

Vi søker ein sjølvstendig og utadvendt person, med utdanning innan sal og marknadsføring og med praksis frå arbeid med sal og marknadsføring. Kjennskap til og erfaring frå skobransjen vil vere ein fordel, men ikkje avgjerande. Vi ser også etter ein person som synes det er spennande å jobbe med ei tradisjonsnæring, slik som Aurlandskoen er. Søkjarar må beherske norsk og engelsk godt, kvalifikasjonar i andre språk vil vere ein fordel. Det må påreknast ein del reiseverksemd. Søkjarar må ha førarkort og disponere eigen bil. Løn etter avtale.

Kortfatta søknad, med CV som dokumenterer relevant utdanning og praksis, kan sendes til Aurland Prosjektteneste AS, Fjordsenteret, Onstadvegen 25, 5745 Aurland eller på e-post: [post@aurlandprosjektteneste.no](mailto:post@aurlandprosjektteneste.no)

Kontaktperson: Arve Tokvam, telefon 907 85 950

For eventuelle spørsmål om bustad, ta kontakt med Olav Lühr, Aurland Næringsutvikling AS, [olav@aurlandnu.no](mailto:olav@aurlandnu.no) eller telefon 900 30 374.